



Ei veke før påske vert det Thai-mat å få i Uskedalen, lovar Ivar Nesse på Sunde som står bak prosjektet saman med Pornthip Pomngern. Dei har kjøpt vogna som til no har stått sentralt i Dimmelsvik og tilhøyrt Eivind Pedersen. Han opplysar at han i staden vil satsa på Thaimatsal i Rosendal.

Alle formalitetar rundt prosjektet i Uskedalen er forlengst ordna. Ivar Nesse opplysar at det som står att er straum- og vassforsyning og at dette vil bli ordna i eit samarbeid med Gamleskulen. Thaimat-vogna skal plasserast like ved Grano.
- Vi lovar ein utvida og spennande meny, seier Ivar Nesse.

Av Ola Matti Mathisen